

---

**Saksnr:** 2020/70893-47  
**Saksbehandlar:** Susan Husabø, Tor Ivar Sandvik
 

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		15.04.2021
Hovudutval for opplæring og kompetanse		27.04.2021

**Justering av opplæringstilbudet for skuleåret 2021/22**

Forslag til vedtak

1. Opplæringstilbudet for skuleåret 2021/22, vedteke i sak PS 60/20, vert justert slik:

Nærskuleområde					Klassetal			
Nr	Namn	Skulenavn	Nivå	Programområde	Red.	Auke	Få	Til
1	Sunnhordland	Austevoll vidaregåande skule	1	Naturbruk		1	3	4
1	Sunnhordland	Austevoll vidaregåande skule	2	Akvakultur		1	1	2
1	Sunnhordland	Austevoll vidaregåande skule	2	Maritime fag		1	2	3
1	Sunnhordland	Fitjar vidaregåande skule	2	Barne- og ungdomsarbeiderfag	1		2	1
1	Sunnhordland	Stord vidaregåande skule	1	Medier og kommunikasjon	1		1	0
1	Sunnhordland	Stord vidaregåande skule	2	Industriteknologi		0,5	0,5	1
1	Sunnhordland	Stord vidaregåande skule	2	Køytøy		0,5	0,5	1
2	Hardanger og Voss	Kvam vidaregåande skule	2	Barne- og ungdomsarbeiderfag	0,5		0,5	0
2	Hardanger og Voss	Kvam vidaregåande skule	2	Helsearbeiderfag		0,5	0,5	1
2	Hardanger og Voss	Kvam vidaregåande skule	3	Studiespesialisering		1	1	2
2	Hardanger og Voss	Voss gymnas	2	Barne- og ungdomsarbeiderfag	1		2	1
2	Hardanger og Voss	Voss gymnas	2	Helsearbeiderfag		1	1	2
2	Hardanger og Voss	Voss vidaregåande skule	1	Teknologi- og industrifag		1	2	3
3	Stor-Bergen	Amalie Skram videregående skole	1	Informasjonsteknologi og medieproduksjon		1	2	3
3	Stor-Bergen	Amalie Skram videregående skole	2	Sikkerhet og administrasjon	1		2	1
3	Stor-Bergen	Amalie Skram videregående skole	2	Salg og reiseliv		1	2	3
3	Stor-Bergen	Arna vidaregåande skule	2	Tømrer	1		2	1
3	Stor-Bergen	Arna vidaregåande skule	2	Barne- og ungdomsarbeiderfag	1		1	0
3	Stor-Bergen	Askøy vidaregåande skule	1	Studiespesialisering	1		3	2
3	Stor-Bergen	Bergen Katedralskole	2	Studiespesialisering		1	6	7
3	Stor-Bergen	Fyllingsdalen videregående skole	1	Studiespesialisering C	1		1	0
3	Stor-Bergen	Fyllingsdalen videregående skole	3	Drama	0,5		1,5	1
3	Stor-Bergen	Fyllingsdalen videregående skole	3	Påbygging til generell studiekompetanse		1	1	2
3	Stor-Bergen	Laksevåg og Bergen Maritime videregående skule	2	Brønnteknikk		1	2	3
3	Stor-Bergen	Laksevåg og Bergen Maritime videregående skule	2	Maritime fag		1	3	4

Nærskuleområde					Klassetal			
Nr	Namn	Skulenavn	Nivå	Programområde	Red.	Auke	Få	Til
3	Stor-Bergen	Sandsli videregående skole	1	Restaurant- og matfag		1	4	5
3	Stor-Bergen	Sandsli videregående skole	2	Kokk og servitør		1	2	3
3	Stor-Bergen	Sotra videregående skule	2	Barne- og ungdomsarbeiderfag	1		2	1
3	Stor-Bergen	Slåtthaug videregående skole	2	Automatisering		1	1	2
3	Stor-Bergen	Årstad videregående skole	1	Frisør, blomst, int. eksp. design		1	3	4
3	Stor-Bergen	Årstad videregående skole	1	Teknologi- og industrifag		1	4	5
3	Stor-Bergen	Årstad videregående skole	2	Data og elektronikk		1	1	2
3	Stor-Bergen	Årstad videregående skole	2	Barne- og ungdomsarbeiderfag		1	3	4
3	Stor-Bergen	Årstad videregående skole	2	Hudpleie		1	1	2
3	Stor-Bergen	Årstad videregående skole	3	Hudpleie	1		2	1
3	Stor-Bergen	Årstad videregående skole	3	Påbygging til generell studiekompetanse		1	1	2
3	Stor-Bergen	Åsane videregående skule	1	Bygg- og anleggsteknikk		1	3	4
3	Stor-Bergen	Åsane videregående skule	2	Salg og reiseliv		1	1	2
3	Stor-Bergen	Åsane videregående skule	3	Påbygging til generell studiekompetanse		1	1	2
4	Nordhordland	Knarvik videregående skule	2	Betong og mur	1		1	0
5	Indre Sogn	Sogndal videregående skule	1	Idrettsfag		1	1	2
5	Indre Sogn	Sogndal videregående skule	1	Restaurant- og matfag	1		1	0
5	Indre Sogn	Sogndal videregående skule	1	Salg, service og reiseliv	1		2	1
5	Indre Sogn	Sogndal videregående skule	1	Studiespesialisering	1		3	2
5	Indre Sogn	Sogndal videregående skule	3	Medier og kommunikasjon Vg3	1		1	0,5
5	Indre Sogn	Årdal videregående skule	2	Industri teknologi	1		1	0
7	Sunnfjord og Sogn	Flora videregående skule	2	Elenergi og ekom	1		2	1
7	Sunnfjord og Sogn	Mo og Øyrane videregående skule	2	Tømrer		1	2	3
8	Nordfjord	Eid videregående skule	2	Interiør og eksponeringsdesign	0,5		1	0,5
8	Nordfjord	Eid videregående skule	2	Frisør	0,5		1	0,5
8	Nordfjord	Måløy videregående skule	2	Kokk- og servitørfag	1		1	0
8	Nordfjord	Stryn videregående skule	2	Helsearbeiderfag	1		2	1
8	Nordfjord	Stryn videregående skule	2	Salg og reiseliv	1		1	0

2. Fylkesdirektøren får fullmakt til å disponere ressursar tilsvarende ein klasse i perioden 1.mai til skulestart. Ressursane skal nyttast til å opprette ein ekstra klasse eller til nødvendig utstyr og anna tilrettelegging for å auke plasstalet i klassar der det er mogeleg.

3. Fylkesdirektøren får fullmakt til å disponere inntektene frå gjesteelevane frå Møre og Romsdal i nærskuleområde 8 -Nordfjord. Vestland fylkeskommune får inntekt per elev som får skuleplass, og desse ressursane kan nyttast til nødvendig utstyr og anna tilrettelegging for å auke plasstalet i klassar der det er mogeleg.

#### Samandrag

Fylkesdirektøren legg i denne saka fram tilråding til justering av det utlyste opplæringstilbodet for skuleåret 2021/22. Grunnlaget for framlegget er resultat av søkinga per 2.3.2021 og «Lokal forskrift om inntak og formidling for Vestland fylkeskommune» ( FT-sak 107/2020).

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør for opplæring og kompetanse

Bekka Skaasheim  
ass. fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 Vedlegg 1 Tilbakemeldingar frå opplæringskontor og lærebedrifter på søkartal til vg1 og vg2
- 2 Vedlegg 2 Tilbakemeldingar frå dei vidaregåande skulane på 1. prognoseinntak
- 3 Fylkesdirektøren sitt framlegg til tilbod ved skulane
- 4 Nærskulematrise justert i møte i OPKO 17.2.21

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I møte 25.11.2020 vedtok hovudutval for opplæring og kompetanse kva opplæringstilbod som skulle lysast ut med søknadsfristar 1. februar og 1. mars 2021.

Vedtakskompetanse

Tilråding til justering av opplæringstilbodet i denne saka er innafor den økonomiske ramma, og hovudutval for opplæring og kompetanse har då avgjerdsmynde etter reglement for delegering etter særlov, kap. 26, § 3-1.

Vurderingar og verknader

### Økonomi:

I PS-sak 60/2020 Sak om opplæringstilbodet skuleåret 2021/22 vedtok hovudutval for opplæring og kompetanse utlysing av følgjande tilbod samanlikna med vedteke tilbod skuleåret 2020/21:

- Reduksjon med 5 klassar for å tilpasse klassetalet til den økonomiske ramma for skuleåret 2021/22
- Reduksjon med 7 klassar vg3 Påbygg til generell studiekompetanse for å vri fleire over frå påbygg til lære. I vedtaket heiter det m.a.:  
«Dei ressursane som ein potensielt sparer gjennom dette grepet er ikkje allokert til andre tilbod eller brukt på anna måte, fordi utvalet antar at fleire av desse gruppene likevel vil måtte opprettast i justeringssaka til våren.»

I vedteke budsjett for 2021er det lagt til grunn eit nedtrekk på 20 mill. kr finansiert ved reduksjon i klassar og flatt/prosentvis/pro rata effektiviseringstiltak i sektoren. Vedtaket i hovudutvalet inneber at heile det generelle nedtrekket på 20 mill. kr for opplæring og kompetansesektoren i 2021 må belastast drifta ved skulane.

Fylkesdirektøren tilrår no følgjande justering i høve hovudutvalet sitt vedtak i PS-sak 60/2020:

- Auke med 3 klassar vg3 påbygg til generell studiekompetanse
- Auke med 3 klassar på vg1 og vg2
- 1 klasse til disposisjon for fylkesdirektøren (administrativ fullmakt) i inntaksperioden. Denne klasseressursen er innafor den økonomiske ramma.

## Bakgrunn

I møte 25.11.2020 gjorde hovudutval for opplæring og kompetanse vedtak om kva opplæringstilbod som skulle lysast ut med søknadsfristar 1. februar og 1. mars.

Den årlege vurderinga av tilbodsstrukturen skjer i sak om opplæringstilbod som vert handsama om hausten. Det er i haustsaka fylkeskommunen må ta stilling til om det skal gjerast større endringar i tilbodsstrukturen. I dette ligg mellom anna vurderingar av talet på elevplassar sett opp mot venta tilgang på læreplassar.

På grunnlag av søkinga vert det i saka gjort framlegg om justeringar av utdanningsprogram/ programområde som vart lyst ut, for å oppnå best mogeleg tilpassing av opplæringstilboda mot søkinga. I saka vert det brukt omgrepet «primærsøkar». Omgrepet vert nytta for å telje søkarane berre ein gong, då alle har eitt ønske øvst på søknaden sin. Utgangspunktet for saksframstillinga er søkartal per 3. mars og gjennomførde prognoseinntak. I saka viser fylkesdirektøren endringar i høve det utlyste tilbodet.

Søking til vg1 etter nærskuleprinsippet har, i lag med auka søking til dei yrkesfaglege utdanningsprogramma, synleggjort underkapasiteten på skuleplassar i nærskuleområde 3, Stor-Bergen. Søkarane til vg1 i dette nærskuleområde utgjer 60 % av det samla søkartalet i Vestland fylkeskommune, men 56 % av plassane. For yrkesfag er situasjonen den same, med 54 % av søkarane i fylket og 50 % av plassane.

Søkarane til dei studieførebuande utdanningsprogramma har rett til oppflytting ved same skule til neste nivå, under føresetnad av at dei har bestått. Til vg2 yrkesfag er det karakterbasert inntak, ikkje kombinert med nærskulepoeng.

Auka søking til mange av yrkesfaga er resultat av langsiktig arbeid frå bransjane og alle involverte i opplæringssektoren, og er ei ønska utvikling. Netto auke i tal søkarar til yrkesfag i Stor-Bergen til kommande skuleår utgjer 3 klassar. Saman med ein auke også til inneverande år er det med på å forsterke underdekninga av skuleplassar i Bergensområdet, ei underdekning som ikkje vart tydeleg før søkarane vart fordelte ut på sine nærskuleområde.

Yrkesopplæringsnemnda har ei viktig rolle for å ivareta arbeids- og næringslivet sine behov for faglært arbeidskraft. Fylkeskommunen skal legge vekt på det yrkesopplæringsnemnda har vedteke eller uttalt, jf. § 4-8 i opplæringslova.

### Lokal forskrift om inntak og formidling til Vestland fylkeskommune. Søking etter nærskulemodell

Fylkestinget vedtok i møte 29.9.2020 (FT-sak 107/20) nærskule som inntaksmodell. Under er utdrag av vedteken lokal forskrift.

#### § 2 [Inntak etter nærskuleområder](#) (Lenke til nærskulematrise, oppdatert etter vedtak i OPKO 17.2.21)

- (1) I Vestland fylkeskommune er det eit geografisk styrt inntak basert på nærskuleområder. Dette inneber at ein søkjar får nærskulepoeng til sitt nærskuleområde, ut frå folkeregistrert adresse.

#### § 4 Inntak til Vg2 og Vg3

- (2) Inntaket vert gjort på bakgrunn av karakterpoeng for kompetansejevande kurs. Ved innsøking til Vg2 vert karakterar frå Vg1 lagt til grunn, og ved innsøking til Vg3 vert karakterar frå Vg2 lagt til grunn.

#### § 5 Oppflytting Vg2 og Vg3 studieførebuande utdanningsprogram

- (1) Søkjar til Vg2 studieførebuande utdanningsprogram har rett til å halde fram på same skule der Vg1 er fullført dersom ho/han har bestått i alle dei faga som er fastsette i læreplanverket på Vg1 og har søkt som fulltidselev. Føresetnaden er at det vert søkt om inntak påfølgjande år.
- (2) Søkjar til Vg3 studieførebuande utdanningsprogram har rett til å halde fram på same skule der Vg2 er fullført dersom ho/han har bestått i alle dei faga som er fastsette i læreplanverket på Vg2 og har søkt som fulltidselev. Føresetnaden er at det vert søkt om inntak påfølgjande år.

Konsekvensane av §§ 2,4, og 5 er at nærskuleområde som inntaksmodell gjeld ved søking til vg1. Til vg2 og vg3 er det generelt inntak etter karakterpoeng, men sidan elevane i studieførebuande utdanningsprogram på gitte vilkår, har rett til å halde fram ved same skule som dei gjekk vg1 og vg2, gjeld inntak berre etter karakterpoeng vg2 og vg3 yrkesfag.

Inntak til skuleåret 2021/22 er første år med nærskulemodell, med ein matrise for kva skular som høyrer til kva kommunar og postnummer. Fylkesdirektøren sende utkast til matrise ut til alle kommunane i Vestland i forkant av politisk handsaming. Matrise datert 19.8.2020 var grunnlaget for handsaming i hovudutval for opplæring og kompetanse og endeleg handsaming i fylkestinget 29.9.20. Fylkestinget vedtok den lokale forskrifta med nokre tillegg til matrisa.

Punkt 3 og 4 i fylkestinget sitt vedtak om «Lokal forskrift for inntak og formidling» frå 29.9.20 omtalar evaluering av nærskulematrisa og nærskulemodellen særleg for stor-Bergen:

3. Nærskulematrisa evaluerast kontinuerleg, og utilsikta, negative konsekvensar skal rettast så fort som mogleg gjennom politisk vedtak. Hovudutval for opplæring og kompetanse gis fullmakt til å gjere eventuelle justeringar i nærskulematrisa. Justeringar i matrisa skal ivareta dei overordna intensjonane i den nye inntaksmodellen.

4. Fylkestinget ønskjer ei særleg evaluering av inntaksregion stor-Bergen. Evalueringa må gje ei grundig vurdering av konsekvensane av den nye modellen, særleg for elevar busett i Bergen med lågare karaktersnitt. Om mogleg ønskjer fylkestinget at ei slik utgreiing lagast med bruk av simulerte opptak, og at utgreiinga kan handsamast hausten 2020.

Hovudutval for opplæring og kompetanse fekk fullmakt til å gjere naudsynte justeringar i nærskulematrisa. I etterkant av vedtaket i fylkestinget og seinare når VigoSøknad vart opna for søkarane, kom det mange spørsmål om tilpassingar av nærskulematrisa for søkarar frå ulike deler av kommunar i fylket. Matrisa vart justert i hovudutval for opplæring og kompetanse 3.11.20 (PS-sak 54/20), 15.12.20 (PS-sak 75/20) og 17.2.21 (PS-sak 7/21).

Fylkesdirektøren vurderer det som naturleg å evaluere konsekvensane for dei enkelte nærskuleområda, og då særleg Stor- Bergen, når inntaksperioden er over, med data frå om lag 1. september 2021.

### Søkartal til vg1 i vidaregåande opplæring 2021/22 i Vestland fylkeskommune

Utdanningsprogram	Skuleåret 2021/22		
	Plasser	Primær søkarar	% av søkarane
Bygg- og anleggsteknikk	613	507	6,4
Elektro og datateknologi	539	702	8,8
Frisør, blomst, int, eksp. design	90	110	1,4
Helse- og oppvekstfag	1181	1090	13,7
Håndverk, design, produktutvikling	39	54	0,7
IT og medieproduksjon	75	156	2,0
Naturbruk	365	364	4,6
Restaurant- og matfag	174	118	1,5
Salg, service og reiseliv	280	205	2,6
Teknologi- og industrifag	983	1032	12,9
<b>Sum yrkesfag</b>	<b>4339</b>	<b>4338</b>	<b>54,4</b>
Idrettsfag	368	456	5,7
Kunst, design og arkitektur	120	159	2,0
Medier og kommunikasjon	143	122	1,5
Musikk, dans og drama	187	187	2,3
Studiespesialisering	2654	2716	34,0
<b>Sum studieførebuande fag</b>	<b>3472</b>	<b>3640</b>	<b>45,6</b>
<b>Samla sum</b>	<b>7811</b>	<b>7978</b>	<b>100,0</b>

Tabell 1: søking til vg1 per utdanningsprogram, søkardata frå Vigo per 3.3.21

Tabellen over viser tal elevplassar, søkarar med ungdomsrett og søking til det enkelte utdanningsprogram i prosent av det totale søkartalet. Samla i fylket har 54,4 % av søkarane eit yrkesfag som første ønske, medan tilsvarande del var 53 % i fjor.

Tabellen over viser at tal plassar stemmer overeins med tal primærsøkarar og at fylkeskommunen tilsynelatande treff veldig godt på den samla dimensjoneringa. Dei totale tala skjuler likevel til dels store forskjellar mellom søking og plasstal i det enkelte utdanningsprogram og i dei åtte nærskuleområda.

I tillegg til søkartalet per 3.3.21, som er grunnlaget for tilrådingar om justeringar, vil det totale søkartalet med ungdomsrett auke, samtidig som det blir forskyvingar mellom nivå og utdanningsprogram.

Dette skuldast:

- Søkarar som ved terminoppgjeret til våren ikkje er kvalifiserte for inntak til neste nivå, får høve til å omprioritere søknaden sin. Dei søker til lågare nivå.
- Søkarar til programområde som ikkje vert sett i gang, pga. låg søking, får høve til å omprioritere søknaden sin.
- Nye søknadar om vg1 eller vg2 over to år.
- Minoritetspråklege søkarar som enno ikkje har fått vurdert opplæringsretten sin.
- Søkarar som av forskjellige årsaker får permisjon eit år frå skuleplass dei har fått.
- Landslinjesøkarar frå andre fylke var ikkje del av grunnlagstala per 3.3.21.
- Søkarane frå Møre og Romsdal med gjesteelevavtale var ikkje del av grunnlagstala per 3.3.21

### Søkartal per nærskuleområde etter prognoseinntaket

Tabellane under viser korleis søkarane til vg1 var fordelte per inntaksområde ved prognoseinntaket. Oppsettet viser utdanningsprogram med kor mange plassar som var utlyst, tal primærsøkarar med ungdomsrett, kor mange ledige plassar det var og kor mange søkarar som til prognoseinntaket stod utan tilbod.

Tabellane viser tydeleg at det er i nærskuleområde Stor-Bergen fylkeskommunen har underdekning på tal elevplassar sett opp mot tal søkarar. Etter prognoseinntaket var det 337 søkarar til yrkesfag som stod utan tilbod i dette inntaksområdet. Av dei yrkesfaglege utdanningsprogramma var det teknologi- og industrifag, bygg- og anleggsteknikk, helse- og oppvekstfag og elektrofag kor det var fleste søkarar utan tilbod ved prognoseinntaket. Søkarar til desse utdanningsprogramma stod for 68 % av dei utan tilbod i området.

At det står søkarar utan tilbod ved dei studieførebuande utdanningsprogramma i område Stor-Bergen vil ut frå erfaring løyse seg utan behov for å justere opp tilboda. Mellom anna skuldast dette at mange søker dobbelt til både offentlege og private tilbod. Når søkarane så takkar nei til offentleg skuleplass, vil dette frigjere naudsynt kapasitet.

Overordna er det elles god samsvar mellom utlyste tilbod, kapasitet og søking i dei sju andre inntaksområda i Vestland fylkeskommune, sjølv om det også i desse områda vil vere tilrådingar om å ikkje setje i gang enkelttilbod grunna låg søking.

	Plassar	Prim.søkarar ung.rett	Ledige	Utan tilbod
BA	36	31	0	0
EL	73	88	0	4
FD	15	7	3	0
HO	135	126	7	1
DT				
IM	15	19	0	2
NA	45	77	0	12
RM	8	6	0	0
SSR	15	10	3	0
TP	150	132	0	5
Sum YF	492	496	13	24
ID	56	51	0	0
KDA				
ME	30	9	18	0
MDD		18	8	0
ST	180	160	11	0
Sum SF	266	238	37	0
<b>Total</b>	<b>758</b>	<b>734</b>	<b>50</b>	<b>24</b>

Tabell 2: Sunnhordland

	Plassar	Prim.søkarar ung.rett	Ledige	Utan tilbod
BA	45	36	0	0
EL	43	42	0	0
FD	15	7	4	4
HO	77	65	5	5
DT				
IM	15	26	0	0
NA	65	62	0	0
RM	15	16	0	0
SSR	15	8	4	4
TP	101	115	0	0
Sum YF	391	377	13	13
ID	75	48	8	8
KDA	15	11	0	0
ME				
MDD	15	15	0	0
ST	135	128	11	11
Sum SF	240	202	19	19
<b>Total</b>	<b>631</b>	<b>579</b>	<b>32</b>	<b>32</b>

Tabell 3: Hardanger og Voss

		Plassar	Prim.søkarar ung.rett	Ledige	Utan tilbod
		BA	285	276	0
EL	255	356	0	42	
FD	45	85	0	29	
HO*	642	614	11	49	
DT	15	35	0	4	
IM	30	100	0	24	
NA	137	161	0	21	
RM	87	82	0	11	
SSR	167	149	0	20	
TP	389	441	0	84	
Sum YF	2052	2299	11	337	
ID	152	234	0	6	
KDA	90	139	0	16	
ME	90	103	0	10	
MDD	90	111	0	7	
ST	1726	1868	20	115	
Sum SF	2148	2455	20	154	
<b>Total</b>	<b>4200</b>	<b>4754</b>	<b>31</b>	<b>491</b>	

Tabell 4: Stor-Bergen

		Plassar	Prim.søkarar ung.rett	Ledige	Utan tilbod
		BA	57	47	0
EL	38	52	0	3	
FD					
HO	87	83	8	6	
DT	15	9	0	0	
IM					
NA					
RM					
SSR					
TP	120	135	0	4	
Sum YF	317	326	8	17	
ID					
KDA					
ME					
MDD					
ST	114	77	9	0	
Sum SF	114	77	9	0	
<b>Total</b>	<b>431</b>	<b>403</b>	<b>17</b>	<b>17</b>	

Tabell 5: Nordhordland

\* derav 9 ledige plassar på HO for minoritetsspråkelege i Stor-Bergen

		Plassar	Prim.søkarar ung.rett	Ledige	Utan tilbod
		BA	54	32	0
EL	40	66	0	4	
FD					
HO	45	44	0	0	
DT					
IM					
NA					
RM	12	3	7	0	
SSR	30	9	13	0	
TP	40	52	0	3	
Sum YF	221	206	20	8	
ID	30	66	0	0	
KDA					
ME					
MDD					
ST	120	91	6	1	
Sum SF	150	157	6	1	
<b>Total</b>	<b>371</b>	<b>363</b>	<b>26</b>	<b>9</b>	

Tabell 6: Indre Sogn

		Plassar	Prim.søkarar ung.rett	Ledige	Utan tilbod
		BA	72	46	5
EL	60	65	0	2	
FD			0		
HO	83	93		5	
DT					
IM					
NA	24	15		1	
RM	12	8	0	0	
SSR	30	22	0	1	
TP	72	80	2	3	
Sum YF	353	329	7	13	
ID	25	19	0	0	
KDA	15	9	0	0	
ME	15	10	0	1	
MDD			7		
ST	198	229	4	1	
Sum SF	253	267	11	2	
<b>Total</b>	<b>606</b>	<b>596</b>	<b>18</b>	<b>15</b>	

Tabell 7: Sunnfjord og Sogn



HAFS		Plassar	Prim.søkarar ung.rett	Ledige	Utan tilbod
	BA	15	8	1	0
EL					
FD					
HO	30	17	4	0	
DT					
IM					
NA					
RM					
SSR					
TP	26	26	0	2	
Sum YF	71	51	5	2	
ID					
KDA					
ME					
MDD					
ST	30	33	0	0	
Sum SF	30	33	0	0	
<b>Total</b>	<b>101</b>	<b>84</b>	<b>5</b>	<b>2</b>	

Tabell 8: HAFS

Nordfjord		Plassar	Prim.søkarar ung.rett	Ledige	Utan tilbod
	BA	24	31	0	3
EL	30	33	0	0	
FD	15	11	0	0	
HO	38	48	0	3	
DT	8	10	0	1	
IM	15	11	0	0	
NA	28	49	0	6	
RM	12	3	4	0	
SSR	15	7	0	1	
TP	79	51	0	2	
Sum YF	264	254	4	16	
ID	30	38	0	0	
KDA			11		
ME					
MDD	54	43		0	
ST	140	130	15	3	
Sum SF	224	211	26	3	
<b>Total</b>	<b>488</b>	<b>465</b>	<b>30</b>	<b>19</b>	

Tabell 9: Nordfjord

### Konsekvensar av søkartala med nærskulemodell

Søkinga til vg1 er om lag på same nivå i fjor, men med auke i søking til yrkesfag. Søking til yrkesfag har auka begge desse åra.

Totalt i fylket søkte 54 % av søkarane med ungdomsrett til eit yrkesfagleg utdanningsprogram på første ønske. Denne endringa i søkarmønster er ønskeleg med tanke på behov for faglært arbeidskraft, men utfordrar fylkeskommunen si økonomiske ramme. Auka søking til yrkesfag betyr behov for fleire klassar for å gje plass til same tal søkarar, ettersom yrkesfagklassane har 12-15 elevar og dei studieførebuande utdanningsprogramma har 30 elevar i klassane.

I nærskuleområde stor-Bergen har det også vore ein auke i søkinga til yrkesfag. I arbeidet med lokal forskrift om inntak og formidling gjorde fylkesdirektøren greie for utfordringane i stor-Bergen:

«Skule- og tilbodsstrukturen i stor-Bergen er historisk sett bygd opp og dimensjonert med eksisterande mobilitet som grunnlag. Kapasiteten i Bergen må difor sjåast i samanheng med omlandskommunar. Det er isolert sett eit underskot på elevplassar på yrkesfag i Bergen kommune, som blir kompensert med plassar i omkringliggende kommunar. Tilsvarande er det stor overkapasitet i utdanningsprogrammet studiespesialisering i Bergen.»

Det var auka søking til yrkesfag også til inneverande skuleår, men denne fekk lite merksemd i oppstarten av Vestland fylkeskommune. I tillegg var ikkje denne auken så synleg ettersom heile tidlegare Hordaland fungerte som eitt inntaksområde. Kapasiteten blei heller ikkje tilpassa ein nærskulemodell hausten 2020.

Underdekning av yrkesfagplassar over tid og auka søking til yrkesfag dei to siste skuleåra har gjeve fylkeskommunen dei konsekvensane som går fram av søkartal per utdanningsprogram i tabell 1.

Auka søking til vg1 yrkesfag til inneverande år medfører auka søking til vg2 til skuleåret 2021/22. For Stor- Bergen utgjør det om lag 60 fleire søkarar, dvs. tilsvarande 4 klassar.

Koronapandemien har ikkje gjort utslag i det samla talet for omvalssøknadar. Det er i alt 273 søkarar med vg1 som avgivarkurs som reelt søker omval til nytt utdanningsprogram på vg1-nivå. Tilsvarande tal for søking til 2020/21 var 275. Alle søkarar med ungdomsrett har rett til å gjere eitt omval der dei får utvida ungdomsretten med tilstrekkeleg år til at dei får fullført eit løp i nytt utdanningsprogram.

## Fylkesdirektøren sine vurderingar og tilrådingar

I dette kapitlet vurderer fylkesdirektøren utlyste tilbod opp mot elevsøkinga. I arbeidet med justering av opplæringstilbodet har fylkesdirektøren innhenta innspel og tilbakemeldingar frå dei vidaregåande skulane og opplæringskontor. Desse inngår som ein del av det samla vurderingsgrunnlaget for tilrådingane som vert lagt fram. Fylkesdirektøren har likevel i mindre grad enn ønska hatt mogelegheit til å kome i møte forslag frå opplæringskontor som inneberer halve klassar eller mindre elevgrupper på smale tilbod. Alle ønske om auka tilbod eller inndeling i halve klassar vil medføre auka kostnader.

Fylkesdirektøren vil vurdere tilbod som ikkje vert tilrådd sett i gang skuleåret 2021/22, til sak om opplæringstilbod 2022/23.

### **Primærøking**

Nokre innspel frå skulane har merksemd på tal primærøkarar, og ønsker ei justering for at flest mogeleg skal få oppfylt førstevalet sitt. Skal fylkeskommunen møte arbeids- og næringslivet sine behov for lærlingar og faglært arbeidskraft kan ikkje alle søkarane få førstevalet sitt. Mange av ungdommane vil då også streve med å få lære plass og relevant arbeid i dei ulike delane av fylket, sidan det vil bli overproduksjon i enkelte fagområde og underproduksjon i andre.

Dersom fylkeskommunen justerer tilboda berre i tråd med søkarane sine førsteval og der det er oversøking, vil søkargrunnlaget til andre utlyste tilbod kunne falle vekk. Det vil totalt sett i fylket resultere i smalare tilbod, fordi tilbod som er fylte opp med søkarar med tilbodet som lågare ønske enn primærønske, ikkje vil bli sett i gang. Det er fleire yrkesfagklassar som er avhengige av fleire enn berre primærøkarane for å ha tilstrekkeleg grunnlag for å komme i gang. Ei tilnærming med å justere berre etter primærøking vil føre til at fylkeskommunen i mindre grad vert i stand til å utdanne fagarbeidarar ut frå behov i lokalt og regionalt arbeidsliv.

For enkeltskular kan justering etter primærøkartallet føre til fleire inntekne, men i eit fylkesperspektiv er løysinga ikkje god, og det vert heller ikkje fleire søkarar av ei slik tilnærming. Det er ønske om å oppretthalde eit breitt og likeverdig opplæringstilbod, som i størst mogeleg grad samsvarer med behova i fylket. For å klare det kan primærøkinga aleine ikkje vere viktigaste justeringskriterium. I arbeidet har fylkesdirektøren også nytta søkarar som står utan tilbod, og ledige plassar som grunnlag for justeringa.

Det er gjennomført i alt seks prognoseinntak som grunnlag for fylkesdirektøren si tilråding til endringar i det utlyste tilbodet. Problemstillingane er drøfta for kvart utdanningsprogram, delt på nærskuleområde. Tilrådingane er presenterte fortløpande, og i tillegg til samletabellar under oppsummeringane.

Som tidlegare år vil søkarar til tilbod som ikkje vert sett i gang få mogelegheit til å endre søknaden sin. Det er få primærøkarar som gjer at skuletilbod ikkje vert sett i gang, så talet på søkarar som får behov for å endre førstevalet sitt er ikkje veldig stort. Av erfaring er det stort sett søkarar med det aktuelle «nedlagde» tilbodet høgt på søkarlista si, som nyttar høve til å endre søknaden.

### **Grenseavtalar mellom Vestland fylkeskommune og Rogaland og Møre og Romsdal fylkeskommunar**

I sør har Vestland fylkeskommune gjesteelevavtale med Rogaland om at søkarar med ungdomsrett frå kommunane Etne, Sveio, Bømlo, Stord, Kvinnherad og Ullensvang, kan søke om skuleplass på Haugaland, Karmsund, Kopervik, Sauda, Skeisvang, Vardafjell, Ølen og Åkrehamn vidaregåande skular. Vestland fylkeskommune gjev gjesteelevgaranti, slik at søkarane konkurrerer på same vilkår som søkarar frå Rogaland.

I nord har Vestland fylkeskommune gjesteelevavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune om at elevar frå Vanylven kommune kan søke til skulane i Nordfjord. Det er Eid, Stryn, Måløy og Firda vidaregåande skular. I tillegg kan elevar frå tidlegare Hornindal kommune, no del av Volda kommune også søke skulane i Nordfjord. Fylkesdirektøren har omtalt problemstillingane nærare under eige avsnitt avslutningsvis i saka.

### **Økonomiske, administrative og personalmessige konsekvensar**

Fylkesdirektøren sitt forslag til justering av opplæringstilbod gjev ein netto auke på 7 klassar. Det

betyr at klasseressursane hovudutval for opplæring og kompetanse tok ned gjennom reduksjon i det utlyste tilbudet på vg3 påbygging til generell studiekompetanse er lagt inn igjen i det samla opplæringstilbudet. Auken består av tre klassar til vg3 påbygging til generell studiekompetanse og tre klasser til å betre kapasiteten i nærskuleområde. I tillegg ser fylkesdirektøren det som naudsynt å ha ein klasseressurs disponibelt til administrativ fullmakt for justering i løpet av inntaksperioden.

Etter at fylkesdirektøren har justert tilbudet ved å nytte heile den økonomiske ramma, er det likevel underkapasitet i nærskuleområde Stor-Bergen. Etter sjetten prognoseinntak står om lag 290 søkarar med ungdomsrett til vg1 yrkesfaglege utdanningsprogram utan tilbod. Vi veit av erfaring at ein del takkar nei til skuleklassen dei får. 170 søkarar takka nei til tilbod om plass til skuleåret 2020/21, til plassar dei fekk i første eller andre inntaksrunde. Fylkesdirektøren har ingen betre estimat enn å bruke nivået på søkarar som takka nei tidlegare, så dersom at ein trekker frå desse 170 søkarane, vil ein stå att med 120 søkarar utan tilbod om plass i yrkesfaglege utdanningsprogram i stor- Bergen.

Til dei studieførebuande utdanningsprogramma står det per no 240 søkarar utan tilbod. Det er om lag same tal som søkarar som takka nei til tilbod om plass til skuleåret 2020/21, so her er det liten grunn til uro for kapasiteten. Mange av søkarane til dei private skulane søker også til våre vidaregåande skular, og takkar seinare nei til plass.

Fylkesrådmannen vil skrive ei separat sak om kapasitetsutfordringane ved yrkesfag i Stor-Bergen, ei utfordring som ikkje kan dekkast innfor den økonomiske ramma.

Også i dei andre nærskuleområda har det vore behov for justeringar, med ein samla netto innsparing på fire klasseressursar. Desse ressursane er brukt for å betre den store underdekninga av plassar i det største nærskuleområdet.

Den årlege justeringa av opplæringstilbudet vil alltid kunne ha personalmessige konsekvensar. Ein auke eller reduksjon i klassetalet vil påverke stillingsplanarbeidet som vert gjennomført på den einskilde skule.

Når justeringssaka er vedteken kan skulane ferdigstille sine stillingsplanar, og ein vil få oversikt over eventuelt overtal. Eventuelt overtal vert handtert etter gjeldande prosedyre. Tildelte midlar til tilpassa opplæring og midlar til kompetanseheving vil også påverke det endelege biletet. I tillegg vil mogelege tiltak for å motverke konsekvensar av koronapandemien kunne redusere overtal ved skulane.

### **Fylkesdirektøren sine vurderingar og tilrådingar**

Det sjetten prognoseinntaket er grunnlaget for fylkesdirektøren si tilråding til justering av opplæringstilbudet. Oppfyltingsgraden er då 96,8 % på vg1 og 92,7 % samla for alle tre trinn. Fylkesdirektøren tilrår justering av opplæringstilbudet ved 25 av dei 45 vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune. Fylkesdirektøren gjer merksam på at prognoseinntak er gjort på grunnlag av terminkarakterane, medan inntaket i juli vil vere på grunnlag av standpunkt-karakterane.

Då hovudutval for opplæring og kompetanse handsama sak om opplæringstilbudet for 2021/22 25.11.2020, var eit av tilleggsvedtaka som følger:

Auke i plasstal

Hovudutval for opplæring og kompetanse viser til vedtak i sak 15/20 (justering av opplæringstilbudet) om auke i plasstal i grupper på yrkesfag i Nordfylket og til uttalen frå Y-nemnda. Utvalet ber om at det blir brukt skjønne knytt til kombinasjonen av auka plasstal og auka oppfyltingsgrad slik at ein sikrar fagmiljøa og rekruttering til yrkesfaga på dei skulane det gjeld, samt at arbeidslivet sitt behov for lærlingar og faglært arbeidskraft blir ivareteke.

Fylkesdirektøren har lagt vedtakspunktet til grunn i justeringa, og har søkt å ta nødvendige omsyn, inkludert omsyn til behov i arbeids- og næringslivet i heile Vestland fylke. Nokre tilbod har likevel såpass låg søking at det ikkje vil vere økonomisk eller pedagogisk forsvarleg å sette i gang klassane.

## Bygg- og anleggsteknikk

### Nærskuleområde 3 - Stor-Bergen

#### Arna vgs

Etter prognoseinntaket var det 12 ledige plassar til to klassar i vg2 tømrrar. På grunnlag av søkartalet tilrår fylkesdirektøren at tilbodet vert redusert med ein klasse.

#### Åsane vgs

I alt 53 søkarar med ungdomsrett stod utan tilbod om skuleplass i vg1 bygg- og anleggsteknikk i Stor-Bergen etter prognoseinntaket. Søkarane er fordelte på dei fleste skulane og ved Åsane vgs var det 12 utan tilbod. Fylkesdirektøren rår til at tilbodet vert auka med ein klasse.

### Nærskuleområde 4 - Nordhordland

#### Knarvik vgs

Etter prognoseinntaket var det 12 ledige til 14 plassar ved vg2 betong og mur. Fylkesdirektøren tilrår at tilbodet ikkje vert sett i gang.

### Nærskuleområde 7 - Sunnfjord og Sogn

#### Mo og Øyrane vgs

Etter prognoseinntaket stod det igjen søkarar utan tilbod tilsvarande 1 klasse til vg2 anleggsteknikk. I justeringsarbeidet våren 2020 forsøkte fylkesdirektøren å få til ein auke i klassetalet, men kostnadane vart for høge. Mange av søkarane med vg2 anleggsteknikk som første ønske har vg2 tømrrar som andre ønske. Fylkesdirektøren auka difor vg2 tømrrar i eit prognoseinntak, med sikte på å gje fleire søkarar tilbod om skuleplass. Det står framleis søkarar til vg2 anleggsteknikk utan tilbod, men 3 klassar vg2 tømrrar er fylt opp. Fylkesdirektøren tilrår difor at vg2 tømrrar vert auka med ein klasse.

#### Sogndal vgs

Også ved Sogndal vgs har fylkesdirektøren i justeringsarbeidet testa ein auke i kapasiteten på vg2 anleggsteknikk, då bransjen melder om god tilgang på læreplassar og aukande behov for fagfolk. Resultatet av ein slik auke ville bli redusert klasse på vg2 tømrrar, og svært redusert inntaksgrunnlag til vg2 betong og mur og vg2-plassane i klima, energi- og miljøteknikk. Etter ei totalvurdering vil fylkesdirektøren ikkje tilrå at vg2 anleggsteknikk vert auka i år, av omsyn til programområda det vil gå ut over. Vg2 betong og mur er nytt programområde, og ein ser det som viktig at det kjem i gang. Ein ser tydeleg at for få søkarar totalt sett er utfordringa, og det vert viktig å jobbe framover med korleis ein best kan sikre rekrutteringsgrunnlaget til alle bransjane.

Bygg- og anleggsteknikk					
Nærskule-område	Skule	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 21/22
3	Arna vgs	Vg2 Tømrrar	-1	2	1
3	Åsane vgs	Vg1	1	2	3
4	Knarvik vgs	Vg2 Betong og mur	-1	1	0
6	Mo og Øyrane vgs	Vg2 Tømrrar	1	2	3

## Elektro og datateknologi

### Nærskuleområde 3 - Stor-Bergen

#### Slåtthaug vgs

Etter prognoseinntaket var det om lag 35 søkarar til vg2 i utdanningsprogrammet elektro og datateknologi som var utan tilbod om skuleplass. Opplæringskontoret i bransjen er veldig tydelege på «overproduksjon» av elevar ut av vg2 elenergi og ekom, då det ikkje er tilstrekkeleg tal læreplassar i dette Stor-Bergen. Søkarar frå vg1 har rett på tilbod på vg2 som dei er kvalifiserte for. Nærskulemodellen gjeld berre vg1, men det er heller ikkje tilstrekkeleg med ledige plassar i områda rundt dette nærskuleområdet. For å oppfylle retten deira ser fylkesdirektøren at alternativet kan vere å auke opp dei to andre programområda på vg2, automatisering og data og elektronikk. Ein konsekvens av dette er behov for vg3, då begge desse programområda er avvik frå 2+2-modellen, med 3. år i skule og 1 ½ år i bedrift.

Fylkesdirektøren tilrår at tilbodet i vg2 automatisering ved Slåtthaug vgs vert auka med ein klasse.

#### Årstad vgs

Fylkesdirektøren viser til omtalen under Slåtthaug vgs om vg2 i utdanningsprogrammet. Til vg2 data og elektronikk ved Årstad vgs var det 6 søkarar utan tilbod om skuleplass etter prognoseinntaket. Auke i kapasiteten vil i tillegg gje tilbod til fleire av 35 utan skuleplass.

Fylkesdirektøren tilrår at vg2 data og teknologi vert auka med ein klasse.

### Nærskuleområde 7- Sunnfjord og Sogn

#### Flora vgs

Etter prognoseinntaket var det 12 ledige plassar til to klassar vg2 elenergi og ekom. Fylkesdirektøren tilrår at tilbodet vert redusert med ein klasse.

Elektro og datateknologi					
Nærskuleområde	Skule	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 21/22
3	Slåtthaug vgs	Vg2 Automatisering	1	1	2
3	Åsane vgs	Vg2 Data og elektronikk	1	1	2
7	Flora vgs	Vg2 Elenergi og ekom	-1	2	1

### Frisør-, blomster-, interiør og eksponeringsdesign

### Nærskuleområde 3 - Stor-Bergen

#### Årstad vgs

Etter prognoseinntaket var det 21 søkarar utan tilbod om skuleplass til 3 klasser og 45 plassar. Med så høgt tal søkarar som ikkje har fått plass på nokon av sine ønske, tilrår fylkesdirektøren at tilbodet vert auka med ein klasse.

### Nærskuleområde 8 - Nordfjord

#### Eid vgs

Etter prognoseinntaket var det teke inn 4 søkarar til ein klasse vg2 interiør og eksponeringsdesign og 6 elevar til ein klasse vg2 frisør. På grunnlag av søkartala rår fylkesdirektøren til at begge klassane vert reduserte til halve klassar.

Frisør-, blomster-, interiør og eksponeringsdesign

Nærskule-område	Skule	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 21/22
3	Årstad vgs	Vg1	1	3	4
8	Eid vgs	Vg2 frisør	-0,5	1	0,5
8	Eid vgs	Vg2 interiør og eksponeringsdesign	-0,5	1	0,5

## Helse- og oppvekstfag

### Nærskuleområde 1 - Sunnhordland

#### Fitjar vgs

Til skuleåret 2021/22 var det lyst ut to klassar vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag og ein klasse vg2 helsearbeidarfag. Til vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag var det etter prognoseinntaket 10 ledige plassar. Fylkesdirektøren tilrår å redusere dette tilbudet med ein klasse.

### Nærskuleområde 2 - Hardanger og Voss

#### Kvam vgs

Skulen har 4 ledige plassar på 0,5 klasse (8 plassar) vg2 barne- og ungdomsarbeidar. Til vg2 helsefagarbeidar er det teke inn 9 søkarar til 9 plassar.

Fylkesdirektøren tilrår å auke vg2 helsefagarbeidar frå 0,5 til 1 klasse, og redusere vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag frå 0,5 til 0 klassar.

#### Voss gymnas

Til skuleåret 2021/22 var det lyst ut ein klasse vg2 helsearbeidarfag og to klassar vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag. Etter prognoseinntaket var det 13 ledige plassar på barne- og ungdomsarbeidarfag og fem søkarar utan tilbod til helsearbeidarfag.

Fylkesdirektøren tilrår å redusere vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag frå 2 til 1 klasse, og auke vg2 helsearbeidarfag frå 1 til 2 klassar.

### Nærskuleområde 3 - Stor-Bergen

#### Arna vgs:

Til skuleåret 2021/22 var det lyst ut ein klasse vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag og ein klasse vg2 helsearbeidarfag. Etter prognoseinntaket var det 7 ledige plassar til vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag. I område Stor-Bergen er det ledig kapasitet på dette programområdet, og fylkesdirektøren tilrår at vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag ikkje vert sett i gang skuleåret 2021/22.

#### Sotra vgs

Til to klassar vg2 barne- og ungdomsarbeidar var det ved prognoseinntaket 8 ledige plassar. Fylkesdirektøren tilrår å redusere tilbudet frå 2 til 1 klasse.

#### Årstad vgs

Til vg2 hudpleie var det lyst ut ein klasse. Prognoseinntaket viste 8 søkarar utan tilbod om skuleplass. Vg3 hudpleier var også lyst ut med ein klasse, her er det 8 ledige plassar. For å gje tilbod til flest mogeleg på vg2, og samtidig ta konsekvensen av svak søking til vg3, tilrår fylkesdirektøren at vg2 hudpleie vert auka med ein klasse og vg3 hudpleiar ikkje vert sett i gang.

### Nærskuleområde 8 - Nordfjord

**Stryn vgs**

Etter prognoseinntaket var det teke inn 16 søkarar til 2 klassar vg2 helsearbeidarfag, 14 ledige plassar. Fylkesdirektøren tilrår at tilbodet vert redusert med ein klasse.

Helse- og oppvekstfag					
Nærskule-område	Skule	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 21/22
1	Fitjar vgs	Vg2 barne- og ungdomsarbeidar	-1	1	1
2	Kvam vgs	Vg2 barne- og ungdomsarbeidar	-0,5	0,5	0
2	Kvam vgs	Vg2 helsefagarbeidar	0,5	0,5	1
2	Voss gymnas	Vg2 barne- og ungdomsarbeidar	-1	2	1
2	Voss gymnas	Vg2 helsefagarbeidar	1	1	2
3	Arna vgs	Vg2 barne- og ungdomsarbeidar	-1	1	0
3	Sotra vgs	Vg2 barne- og ungdomsarbeidar	-1	2	1
3	Årstad vgs	Vg2 hudpleie	1	1	2
3	Årstad vgs	Vg3 hudpleiar	1	-1	0
9	Stryn vgs	Vg2 helsefagarbeidar	-1	2	1

**Informasjonsteknologi og medieproduksjon****Nærskuleområde 3 - Stor-Bergen**

Etter prognoseinntaket var det 24 søkarar til vg1 informasjonsteknologi og medieproduksjon utan tilbod om skuleplass. Det er i alt 100 førsteønskesøkarar og av desse er det relativt få som har studiespesialisering som lågare ønske, og dei fleste har andre yrkesfag ved skulane i nærskuleområdet. Ein del har medium og kommunikasjon som lågare ønske, men ikkje mange nok til å fylle ein klasse på 30 elevar.

Så langt har fylkeskommunen ingen erfaring med formidling til opplæring til bedrift grunna nye programområde på vg2 og lærefag, men det er nærliggande å tru at faglært arbeidskraft frå lærefaga IT-driftsfag og IT-utviklarfaget vil vere høgaktuelt. Fylkesdirektøren vil følge utviklinga i formidlingsarbeidet med tanke på dimensjonering av tilbodet.

Søkinga til informasjonsteknologi og medieproduksjon er også del av auka søking til yrkesfag, med nær 30 fleire søkarar til skuleåret 20/21 enn til inneverande år.

Informasjonsteknologi og medieproduksjon					
Nærskule-område	Skule	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 21/22
3	Amalie Skram vgs	Vg1	1	2	3

**Naturbruk**

## Nærskuleområde 1 - Sunnhordland

### Austevoll vgs

Skulen har tre klassar på vg1. Til prognoseinntaket var det 12 søkarar utan tilbod. Fylkesdirektøren tilrår at det vert sett i gang fire klassar vg1 naturbruk for skuleåret 2021/22.

På vg2 har skulen tilbod om vg2 akvakultur og vg2 fiske og fangst, med høvesvis ein og to klassar. Til desse programområda er det ni søkarar utan tilbod. Fylkesdirektøren tilrår å auke vg2 akvakultur med ein klasse.

Naturbruk					
Nærskule-område	Skule	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 21/22
1	Austevoll vgs	Vg1	1	3	4
1	Austevoll vgs	Vg2 akvakultur	1	1	2

## Restaurant- og matfag

### Nærskuleområde 3 - Stor-Bergen

#### Sandsli vgs

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok 25.11.2020 ein reduksjon på ein klasse i det utlyste tilbodet på vg1 restaurant- og matfag ved Sandsli vgs. Etter prognoseinntaket var det 8 søkarar utan tilbod. Fylkesdirektøren tilrår at tilbodet vert justert opp frå 4 til 5 klassar.

Etter prognoseinntaket stod det også høvesvis 4 og 6 søkarar til vg2 kokk- og servitørfag og vg2 bakar og konditor. Fylkesdirektøren tilrår at tilbodet på vg2 kokk og servitørfag vert auka frå 2 til 3 klassar.

### Nærskuleområde 5 - Indre Sogn

#### Sogndal vgs

Etter prognoseinntaket var det 5 tekne inn til vg1 restaurant- og matfag, 7 ledige plassar. Av dei 5 var 3 primærsøkarar. På grunnlag av søkartalet tilrår fylkesdirektøren at tilbodet ikkje vert sett i gang.

### Nærskuleområde 8 - Nordfjord

#### Måløy vgs

Etter prognoseinntaket var det teke inn 4 søkarar til ein klasse vg2 kokk og servitør, to av dei primærsøkarar. På grunnlag av søkartalet tilrår fylkesdirektøren at tilbodet ikkje vert sett i gang.

Restaurant- og matfag					
Nærskule-område	Skule	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 21/22
3	Sandsli vgs	Vg1	1	4	5
3	Sandsli vgs	Vg2 kokk og servitørfag	1	2	3
5	Sogndal vgs	Vg1	-1	1	0
8	Måløy vgs	Vg2 Kokk og servitør	-1	1	0



## Sal, service og reiseliv

### Nærskuleområde 3 - Stor-Bergen

#### Amalie Skram vgs

Etter prognoseinntaket var det 8 ledige til 30 plassar vg2 sikkerheit og administrasjon. Vidare var det 4 søkarar utan tilbod til vg2 sal og reiseliv. Fylkesdirektøren tilrår å redusere ein klasse vg2 sikkerheit og administrasjon og auke ein klasse vg2 sal og sikkerheit.

#### Åsane vgs

Etter prognoseinntaket stod det 1 søkar utan tilbod på vg2 sikkerheit og administrasjon og 10 søkarar utan tilbod på vg2 sal og reiseliv. Fylkesdirektøren tilrår å auke tilbodet på vg2 sal og reiseliv frå 1 til 2 klassar.

### Nærskuleområde 5 - Indre Sogn

#### Sogndal vgs

Til vg1 sal, service og reiseliv viste prognoseinntaket 13 ledige plassar til 2 klassar, 17 søkarar er teke inn. Fylkesdirektøren tilrår å redusere dette tilbodet med ein klasse.

### Nærskuleområde 8 - Nordfjord

#### Stryn vgs

Til vg2 sal og reiseliv er det etter prognoseinntaket teke inn 3 søkarar til ein klasse, som gjev 12 ledige plassar. Med så lågt søkartal finn fylkesdirektøren ikkje å kunne tilrå at tilbodet vert sett i gang.

Sal, service og reiseliv					
Nærskule-område	Skule	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 21/22
3	Amalie Skram vgs	Vg2 sikkerheit og administrasjon	-1	2	1
3	Amalie Skram vgs	Vg2 sal og reiseliv	1	2	3
5	Sogndal vgs	Vg1	-1	2	1
8	Stryn vgs	Vg2 sal og reiseliv	-1	1	0

## Teknologi- og industrifag

### Nærskuleområde 1 - Sunnhordland

#### Stord vgs

Skulen har dei seinare åra hatt 0,5 klasse vg2 industriteknologi og 0,5 klasse vg2 køyretøy.

Til prognoseinntaket var det 10 søkarar utan tilbod på vg2 industriteknologi og 5 søkarar utan tilbod til vg2 køyretøy. Fylkesdirektøren tilrår å auke begge desse klassane slik at Stord vgs får ein heil klasse på kvart tilbod. Dette er også i tråd med innspel frå Ytre Sunnhordland opplæringskontor og Bilfagenes opplæringskontor Stord.

#### Austevoll vgs

Det er åtte søkarar utan tilbod ved vg2 maritime fag. Maritimt opplæringskontor viser til eit stort behov for lærlingar, og i 2020 mangla dei over femti søkarar til matros- og motormannfaget. Behovet for lærlingar er også stort på landsbasis.

På bakgrunn av tal søkarar utan tilbod og behov for kompetanse i arbeidslivet tilrår fylkesdirektøren at tilbodet vert auka frå to til tre klassar.

## Nærskuleområde 2 - Hardanger og Voss

### Voss vgs

Skulen har to klassar vg1 teknologi- og industrifag. Til prognoseinntaket var det ni søkarar utan tilbod. I tillegg er det fire søkarar til vg1 elles i inntaksområdet som ikkje har fått tilbod. Søking til dette utdanningsprogrammet bør også sjåast i samanheng med søking til bygg- og anleggsteknikk og elektro og datateknologi. For at alle søkarane skal få tilbod, er det behov for ein klasse til på vg1.

På bakgrunn av søkartala og tal utan tilbod, tilrår fylkesdirektøren å opprette ein ekstra klasse vg1 teknologi- og industrifag ved Voss vgs.

## Nærskuleområde 3 - Stor-Bergen

### Laksevåg og Bergen maritime vgs

Etter prognoseinntaket var det 22 søkarar utan tilbod til vg2 brønnteknikk til 2 klassar. Laksevåg og Bergen maritime vgs er den einaste skulen i fylket som har dette tilbodet. Skulen har over tid hatt 3 klassar, men tilbodet blei justert ved utlyst til skuleåret 2021/22 på bakgrunn av låge formidlingstal. Opplæringskontoret for oljerelaterte fag har spelt inn eit aukande behov for arbeidskraft, og vil mangle lærlingar om tilbodet ikkje vert justert opp. Fylkesdirektøren tilrår på bakgrunn av det at vg2 brønnteknikk vert justert frå 2 til 3 klassar.

Etter prognoseinntaket var det 13 søkarar til vg2 maritime fag som stod utan tilbod. Maritimt opplæringskontor Sør/Vest etterspør fleire lærlingar. Fylkesdirektøren tilrår på bakgrunn av det å justere vg2 maritime fag frå 3 til 4 klassar ved Laksevåg og Bergen maritime vgs.

## Nærskuleområde 5 - Indre Sogn

### Årdal vgs

Etter prognoseinntaket var det teke inn 5 søkarar til vg2 industriteknologi, 8 ledige plassar. Til vg2 kjemiprosess er det teke inn 10 søkarar, 3 ledige plassar. På grunnlag av søkartala tilrår fylkesdirektøren at vg2 industriteknologi ikkje vert sett i gang.

### Årstad vgs

Etter prognoseinntaket var det 20 søkarar til vg1 teknologi- og industrifag utan tilbod. Fylkesdirektøren tilrår å justere tilbodet frå 4 til 5 klassar.

Teknologi- og industrifag					
Nærskule-område	Skule	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 21/22
1	Stord vgs	Vg2 industriteknologi	0,5	0,5	1
1	Stord vgs	Vg2 køyretøy	0,5	0,5	1
1	Austevoll vgs	Vg2 maritime fag	1	2	3
2	Voss vgs	Vg1	1	2	3
3	Laksevåg og Bergen maritime vgs	Vg2 brønnteknikk	1	2	3
3	Laksevåg og Bergen maritime vgs	Vg2 maritime fag	1	3	4
3	Årstad vgs	Vg1	1	4	5
5	Årdal vgs	Vg2 industriteknologi	-1	1	0

## Idrettsfag

### Nærskuleområde 5 - Indre Sogn

#### Sogndal vgs

Etter prognoseinntaket var det 66 søkarar med idrettsfag som første ønske. Nær 40 av desse hadde studiespesialisering som sitt andre ønske. Samla søking til desse to utdanningsprogramma ved skulen svarte til fire klassar. Fylkesdirektøren tilrår at det vert oppretta ein ekstra klasse vg1 idrettsfag ved Sogndal vgs. Ved studiespesialisering vert klassetalet redusert tilsvarande.

Idrettsfag					
Nærskule-område	Skule	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 21/22
5	Sogndal vgs	Vg 1	1	1	2

## Kunst design og arkitektur, medium og kommunikasjon, og musikk, dans og drama (KDA, ME og MDD)

### Nærskuleområde 1 - Sunnhordland

#### Stord vgs

Til vg1 medium og kommunikasjon er det 18 ledige av 30 plassar. Over tid har utdanningsprogrammet hatt noko svakt søkargrunnlag, dette viser også søkinga til skuleåret 2021/22. Samtidig har det også vore drøfta ved tidlegare høve om det studieførebuande opplæringsstilbodet har eit omfang som gjer at søkinga til utdanningsprogramma vert for spreitt, og at ein då kan få lågare oppfyllingsgrad i eitt eller fleire tilbod.

På bakgrunn av tal ledige plassar, tilrår fylkesdirektøren at vg1 medium og kommunikasjon ved Stord vgs ikkje vert sett i gang skuleåret 2021/22.

### Nærskuleområde 3 - Stor-Bergen

#### Fyllingsdalen vgs

Vg3 drama ved Fyllingsdalen vgs er lyst ut med 1,5 klasse og 40 plassar. Etter prognoseinntaket var det 14 ledige plassar og fylkesdirektøren tilrår at tilbodet vert redusert med 0,5 klasse, tilpassa søkartalet.

### Nærskuleområde 5 - Indre Sogn

#### Sogndal vgs

Vg3 medium og kommunikasjon var lyst ut med 1 klasse, men vg2 inneverande år er berre 0,5 klasse. Vg3 vert redusert med 0,5 klasse.

Kunst, design og arkitektur, medium og kommunikasjon og musikk, dans og drama					
Nærskule-område	Skule	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 21/22
1	Stord vgs	Vg1 medium og kommunikasjon	-1	1	0

3	Fyllingsdalen vgs	Vg3 drama	-0,5	1,5	1
5	Sogndal vgs	Vg3 medium og kommunikasjon	-0,5	1	0,5

## Studiespesialisering

### Nærskuleområde 3 - Stor-Bergen

#### Askøy vgs

Etter prognoseinntaket var det 13 ledige til 90 plassar på vg1 studiespesialisering på Askøy vgs. Fylkesdirektøren vurderer det slik at det er naudsynt å redusere kapasiteten på vg1 studiespesialisering noko for å tilpasse tilbudsstrukturen til auka søkartal til yrkesfag. Dette sett saman med at Vestland fylkeskommune vil ha god kapasitet på studiespesialisering etter at søkarar til privatskular har takka nei til eit offentleg tilbod, gjer at fylkesdirektøren tilrår at vg1 studiespesialisering på Askøy vgs vert redusert frå 3 til 2 klassar skuleåret 2021/22.

#### Fyllingsdalen vgs

Etter prognoseinntaket var det 13 ledige til 19 plassar på vg1 studiespesialisering for minoritetsspråklege elevar. Fylkesdirektøren tilrår at tilbodet ikkje vert sett i gang skuleåret 2021/22.

### Nærskuleområde 5 - Indre Sogn

#### Sogndal vgs

Som konsekvens av auke med ein klasse vg1 idrettsfag er søkartalet til vg1 studiespesialisering tilpassa to klassar. Fylkesdirektøren tilrår at klassetalet vert redusert med ein klasse.

Studiespesialisering					
Nærskule-område	Skule	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 21/22
3	Askøy vgs	Vg1	-1	3	2
3	Fyllingsdalen vgs	Vg1 for min.spr.	-1	1	0
5	Sogndal vgs	Vg1	-1	3	2

## Påbygging til generell studiekompetanse

### Vg3 påbygging til generell studiekompetanse

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok i møte 25.11.2020 å redusere det utlyste tilbodet på vg3 påbygging til generell studiekompetanse. Vedtaket reduserte tilbodet med ein klasse på sju skular i område Stor-Bergen - Fyllingsdalen vgs, Os vgs, Slåtthaug vgs, Sotra vgs, Årstad vgs og Åsane vgs.

Med den reduserte kapasiteten stod det igjen 320 søkarar til vg3 påbygging til generell studiekompetanse utan tilbod om skuleplass etter prognoseinntaket. Fylkesdirektøren meiner det ikkje er eit realistisk nivå og at det er naudsynt å opprette fleire av desse klassane igjen i Stor-Bergen. Kapasiteten er i denne saka auka med tre klassar og 90 plassar. Tilbodet er teke opp ved dei skulane som hadde flest søkarar utan tilbod etter prognoseinntaket. Etter at kapasiteten er auka er det no totalt 378 tilgjengelege skuleplassar i Stor-Bergen og det står 230 søkarar utan tilbod. Til inneverande skuleår takka 62 søkarar nei til plassen gjennom inntaksperioden, og i tillegg vil erfaringsmessig ein del søkarar/elevar takke nei/slutte etter skulestart. Kapasiteten er likevel litt for liten.

Vg4 påbygging etter yrkeskompetanse

Alle som har bestått fag- eller sveineprøve eller 3-årig yrkeskompetanse i skule etter 1.1.2014 har rett på tilbod til påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse (vg4). Dette er ikkje ei utviding av retten, men ein eigen rett til dette tilbodet. For dei som vel å ikkje nytte seg av retten medan dei har ungdomsrett, følger retten med over som vaksenrett. Alle som er omfatta av retten, har denne til dei vel å nytte seg av den.

I Stor-Bergen er det i år 120 plassar og 255 søkarar. Mange av desse har søkt i fleire år utan å få tilbod om plass. Søkartalet aukar for kvart år då målgruppa for tilbodet vert større for kvart år, sidan det vert stadig fleire med bestått fag- eller sveineprøve eller 3-årig yrkesfag i skulen. Kapasiteten er ikkje tilstrekkeleg, men fylkesdirektøren har ikkje funne rom for å auke denne innafor den økonomiske ramma.

### Nærskuleområde 3 - Stor-Bergen

#### Fyllingsdalen vgs

Etter prognoseinntaket stod det 22 søkarar utan eit tilbod. Samla sett er det eit behov for å auke kapasiteten på påbygging til generell studiekompetanse i Stor-Bergen sett opp mot det utlyste tilbodet. Fylkesdirektøren tilrår å justere tilbodet frå 1 til 2 klassar vg3 påbygging til generell studiekompetanse.

#### Årstad vgs

Etter prognoseinntaket stod det 29 søkarar utan tilbod. Fylkesdirektøren tilrår å justere tilbodet frå 1 til 2 klassar vg3 påbygging til generell studiekompetanse.

#### Åsane vgs

Etter prognoseinntaket stod det 57 søkarar utan tilbod. Fylkesdirektøren tilrår å justere tilbodet frå 1 til 2 klassar vg3 påbygging til generell studiekompetanse.

Påbygging til generell studiekompetanse					
Nærskule-område	Skule	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 21/22
3	Fyllingsdalen vgs	Vg3	1	1	2
3	Årstad vgs	Vg3	1	1	2
3	Åsane vgs	Vg3	1	1	2

### Utfordringar i nærskuleområde 8-Nordfjord - konsekvensar av gjesteelevavtale med Møre og Romsdal

Som følgje av gjesteelevavtalen er det i alt 63 søkarar frå Møre og Romsdal som konkurrerer på same vilkår som søkarar frå Vestland fylkeskommune til dei fire skulane i Nordfjord. Til vg1 er det 31 søkarar: 8 til studieførebuande utdanningsprogram og 23 til ulike yrkesfaglege utdanningsprogram fordelt på dei tre skulane som har yrkesfag. For nokre tilbod er auka søkartilgang positivt, medan det til andre fører til fleire søkarar utan tilbod. Dei 63 gjesteelevane fordeler seg med 31 til vg1, 20 til vg2 og 12 til vg3. På vg1 fordeler dei 31 søkarane seg på fire skular og åtte ulike utdanningsprogram. Fylkesdirektøren har forsøkt ulik auke i prognoseinntaka og har sett på søkarane sine lågare ønske, men ved å opprette nye klassar viser det seg at ein tek søkargrunnlaget frå eksisterande klassar. Det er vanskeleg å finne gode løysingar gjennom oppretting av klassar.

Sidan gjesteelev gir fylkeskommunen inntekter, meiner fylkesdirektøren at skulane kan bruke inntektene per gjesteelev til ekstra utstyr og anna tilrettelegging, dersom dei tek inn ekstra elevar utover vedteke plasstal, for å gje tilbod til så mange som mogeleg.

Konklusjon

Fylkesdirektøren si tilråding betyr slik ressursbruk i høve hovudutvalet sitt vedtak i PS-sak 60/2020:

- Auke med 3 klassar vg3 påbygg til generell studiekompetanse
- Auke med 3 klassar på vg1 og vg2
- 1 klasse til disposisjon for fylkesdirektøren (administrativ fullmakt) i inntaksperioden.  
Denne klasseressursen er innafor den økonomiske ramma.

Fylkesdirektøren tilrår justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2020/21 som det går fram av vedtakspunkta i saka.